



FLAGE UTLEIGE AS  
Bjørkemoen 46  
NO 5709 VOSS

## Vedtak om avslag på søknad og gebyr Behandling av søknad om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9

### Gnr 212 Bnr 141 - Alver - Øvre Eikanger - Eikangervåg - Flage Utleige AS - permanent tillatelse og utvidelse

Vi viser til søknad av 08.01.2020 om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9 frå Flage utleige AS.

Vi viser vidare til varsel om avslag på søknad av 06.02.2020 og telefonsamtale med Eirik Flage 25.05.2020.

Arbeidstilsynet har lagt følgjande til grunn for sakshandsaminga:

- Søknad om Arbeidstilsynet sitt samtykke, datert 08.01.2020
- Situasjonkart, teikning nr. 4, datert 09.08.2017
- Planteikning, teikning nr. 7, datert 04.12.2017 • Fasade- og snitteikning, teikning nr. 6, datert 04.12.2017
- Planteikning kantine, teikning nr. 4, datert 04.12.2017
- Beskriving av desentralisert ventilasjonsløyising, Type HERU 90 EØH, ikkje datert

Av søknadsskjema går det fram at søknaden gjeld påbygg til eksisterande brakkerigg i Nordhordland Næringspark samt samtykke til eksisterande brakkerigg. Eksisterande brakkerigg har hatt eit midlertidig samtykke frå Arbeidstilsynet. Dette samtykke var gjeldande for perioden 05.10.2017 – 05.10.2019. Brakkeriggen er over to plan.

## Arbeidstilsynets vurdering

Ein søknad til Arbeidstilsynet om samtykke skal dokumentere at rammene i bygget er utforma slik at at ein tar vare på sikkerheit, helse og velferd for arbeidstakarane på søknadstidspunktet og i framtida ved at arbeidsplassar og arbeidslokale blir lagde til rette og utforma med tanke på arbeidet som skal utførast, den enkelte arbeidstakaren og særskilde risikoforhold.



Arbeidstilsynet har handsama saka som opplyst over. Saka var ikkje godt nok opplyst til å kunne ferdigstille sakshandsaminga når vi mottok den. Difor sende vi brev til tiltakshavar om manglande opplysningar – varsel om avslag der det vart spesifisert kva vi må motta for å kunne ferdigstille saka og ev. innvilge samtykke. Det vart gjeve ein frist til 31.03.2020 for å sende meir informasjon og dokumentasjon til Arbeidstilsynet. På grunn av koronapandemien har vi valt å avvente endå ei stund med å handsame saka. No er det snart to månader over frist og vi har ikkje mottatt nødvendig tilleggsinformasjon. Det vert difor gjort vedtak om avslag som varsla i vårt brev av 06.02.2020.

I vårt brev av 06.02.2020 skreiv vi m.a. følgjande:

*Før Arbeidstilsynet kan behandle saka ferdig og eventuelt gjere vedtak om samtykke, treng vi desse tilleggsopplysningane:*

- *Grunngjevinga for å søke om permanent samtykke*
- *Beskriving av dei tilsette sin medverknad i prosessen*
- *Teikning og beskriving som syner at det er universell tilkomst både til/frå brakkeriggen og internt i brakkeriggen*
- *Teikning og beskriving av personalfasilitetar*

*For ordens skyld opplyser vi om at kommunen ikkje kan gi løyve til å sette i gang byggearbeida før Arbeidstilsynet har gitt samtykke, jf. plan- og bygningslova § 21-5.*

25.05.2020 var vi i telefonkontakt med Eirik Flage som på vegne av Flage Maskin AS har sendt søknad om samtykke til Arbeidstilsynet. Det vart i samtalen avtalt at dei skulle sende inn den dokumentasjon som vi mangla for å kunne ferdigstille sakshandsaminga.

Vi har ikkje motteke nye opplysningar i saka og har ikkje nok dokumentasjon til å kunne gjere vedtak om samtykke. Arbeidstilsynet har ikkje motteke dokumentasjon som syner at rammene i bygget er utforma slik at arbeidstakarane sin tryggleik, helse og velferd vert teken hand om i samsvar med gjeldande krav.

## Arbeidstilsynets vedtak

Arbeidstilsynet avslår søknaden om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9.

For ordens skyld opplyser vi om at kommunen ikkje kan gi igangsettingsløyve til byggearbeida før det er innhenta samtykke frå Arbeidstilsynet, jf. plan- og bygningslova § 21-5.

Med ein kopi av dette brevet gjer vi Alver kommune merksam på at det ikkje ligg føre samtykke frå Arbeidstilsynet etter arbeidsmiljølova § 18-9.

## Innbetaling av gebyr

Ifølge forskrift om utforming og innretning av arbeidsplassar og arbeidslokale § 9-1 og forskrift om administrative ordningar på Arbeidstilsynet sitt område § 14-1, skal det betalast gebyr til



Arbeidstilsynet ved behandling av søknader etter arbeidsmiljølova § 18-9 første ledd. Gebyrsatsen er avhengig av kva type tiltak det er snakk om, og storleiken på bygget. For nærmare informasjon om gebyrordninga, sjå [www.arbeidstilsynet.no/gebyr](http://www.arbeidstilsynet.no/gebyr).

Ut frå opplysningar i søknaden har vi plassert tiltaket i kategori 2b og fastsatt beløpet til kr 2110,50.

Faktura blir send i eiga sending til deg som tiltakshavar, til adresse: Flage Utleige AS, Bjørkemoen 46, 5709 VOSS. Dersom gebyret ikkje blir betalt innan fristen, vil kravet bli drive inn med tvang og med tillegg av kostnadsgebyr.

## De kan klage

De kan klage på dette vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker frå de får dette brevet. De kan ikkje reise søksmål før klageåtgangen er prøvd jf. forvaltningslova § 27b. For nærmare informasjon om klageinstans, framgangsmåte ved klage, rett til å sjå saksdokumenta og søksmål, sjå [www.arbeidstilsynet.no/klage](http://www.arbeidstilsynet.no/klage).

## Gi informasjonen vidare til verneombodet

Verneombodet skal gjerast kjent med vedtak frå Arbeidstilsynet. Vi ber derfor om at de som arbeidsgivar gir ein kopi av dette brevet til verneombodet. Dersom verksemda ikkje har verneombod, gir de kopien til representanten for dei tilsette. Sjå [arbeidsmiljølova](http://www.arbeidstilsynet.no/klage) §§ 6-2 sjette ledd og 18-6 åttande ledd.

## Behov for meir informasjon?

De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og krav til arbeidsmiljøet på [www.arbeidstilsynet.no](http://www.arbeidstilsynet.no), eller de kan kontakte oss på telefon 73 19 97 00.

De kan svare på dette brevet og/eller sende inn dokumentasjon til oss digitalt via [eDialog](http://www.arbeidstilsynet.no/post). Les meir på [www.arbeidstilsynet.no/post](http://www.arbeidstilsynet.no/post).

Vi ber om at de viser til vår referansen 2020/1586 ved seinare kontakt/korrespondanse i denne saka.

Med helsing  
Arbeidstilsynet

Tommy Pedersen  
Seksjonsleder

Rune Joar Ravnestad  
Seniorrådgiver

*Dette brevet er elektronisk signert.*

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906

FREKHAUG